



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 08.01.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 15.00 - 16.55

Møtet vart styrt av leiar Mabel Johansen, H.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 02.01.2019 og møtet var kunngjort i pressa 12.12.2018.

Før handsaming av sakene var utvalet på synfaring i samband med UDU-sak 5/2019.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Tormod Skurtveit	AP	Nestleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Åshild Aamli	MDG	Medlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Larsen	AP
Henriette Fennelly	FrP
Rune Lekven Skår	SP

Desse møtte frå administrasjonen: Juridisk rådgjevar byggesak Marianne Aadland Sandvik.

Protokollfører: Randi Hilland

9. januar 2019

Mabel Johansen
leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2019	Godkjenning av møteprotokoll
03/2019	Referatsaker
04/2019	Delegerte saker
05/2019	GBNR 35/1, 5 - Klage på avslag til søknad om dispensasjon for arealoverføring - Gripen
06/2019	GBNR 46/1 - Klage på løyve til dispensasjon for bruksendring av høusehus til fritidsbustad - Åsebø
07/2019	GBNR 9/28, Mjukebakkane - Klage på rammeløyve for opparbeiding av samla utomhusareal
08/2019	GBNR 51/18 - Søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft for riving av fritidsbustad og oppføring av heilårsbustad, samt etablering av tilkomstveg - Landsvik
09/2019	Handlingsplan 2019 - Vedlikehaldsplan for kommunale bygg
10/2019	Aktuelle saker

01/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 01/2019 SAMRØYSTESVEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

02/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå møte 27.11.18 vert godkjent.

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 02/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 27.11.18 vert godkjent.

03/2019: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Det låg ikkje føre skriv og meldingar.

UDU - 03/2019 VEDTAK:

04/2019: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Åshild Aamli, MDG: Delegasjonsak 316/2018 - Godkjenning - GBNR 22/190 - Igangsettingsløyve for opparbeiding av utomhusareal og VA-anlegg - Dlefelt B5, Mjåtveitmarka:

Ønskjer svar på om det vert ført fortløpande kontroll med sikringstiltak mot forureining av Mjåtveitelva - Kvernhusbekken.

Administrasjonen svarte at kommunen har tett oppfølging og kontroll av arbeidet.

UDU - 04/2019 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til vitande.

05/2019: GBNR 35/1, 5 - Klage på avslag til søknad om dispensasjon for arealoverføring - Gripen

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling finn at klage datert 26.10.2018 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at avslag på søknad om dispensasjon, datert 19.10.2018, sak 277/2018, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følge. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Framlegg til vedtak frå Henriette Fennelly, FrP:

Saka vert utsett - Utval for drift og utvikling ønskjer synfaring i saka.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget fekk 8 røyster for, (3 AP, 2 H, 1 SP, 1 KrF, 1 FrP), 1 røyst mot, (MDG), og er såleis vedteke.

UDU - 88/2018 VEDTAK (MOT 1 RØYST):

Saka vert utsett - Utval for drift og utvikling ønskjer synfaring i saka.

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Framlegg til vedtak frå Leiv Jan Fosse, SP:

Utval for drift og utvikling tar klagen til følge. Utval for drift og utvikling samtykkjer til deling og omdisponering etter jordlova § 9 og jordlova § 12.

Det omsøkte arealet ligg for seg sjølv, er lite og avgrensa av 2 vegar.

Det er svært grunnlent og lite eigna som jordbruksareal. Utbygging på eigen tomt medfører store terrenginngrep. Delar av området er allerede nytta til adkomstveg.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 1 røyst for, (MDG), 7 røyster mot og fall.
Framlegg til vedtak frå Leiv Jan Fosse fekk 7 røyster for, (1 SP, 2 H, 3 AP, 1 KrF), og er såleis vedteke.

UDU - 05/2019 VEDTAK (MOT 1 RØYST):

Utval for drift og utvikling tar klagen til følge. Utval for drift og utvikling samtykkjer til deling og omdisponering etter jordlova § 9 og jordlova § 12.

Det omsøkte arealet ligg for seg sjølv, er lite og avgrensa av 2 vegar.

Det er svært grunnlent og lite eigna som jordbruksareal. Utbygging på eigen tomt medfører store terrenginngrep. Delar av området er allerede nytta til adkomstveg.

06/2019: GBNR 46/1 - Klage på løyve til dispensasjon for bruksendring av hønsehus til fritidsbustad - Åsebø

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling finn at klage, journalført motteke 8.11.2018 og 30.11.2018, ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtak av 16.10.2018, sak 79/2018, blir endra. Klaga vert difor ikkje teken til følge. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 06/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling finn at klage, journalført motteke 8.11.2018 og 30.11.2018, ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtak av 16.10.2018, sak 79/2018, blir endra. Klaga vert difor ikkje teken til følge. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

07/2019: GBNR 9/28, Mjukebakkane - Klage på rammeløyve for opparbeiding av samla utomhusareal

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling finn at klagen ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 23.11.2018, DS 294/2018 blir endra. Klagen blir difor ikkje tatt til følge. Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka blir sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 07/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling finn at klagen ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 23.11.2018, DS 294/2018 blir endra. Klagen blir difor ikkje tatt til følgje. Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka blir sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

08/2019: GBNR 51/18 - Søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft for riving av fritidsbustad og oppføring av heilårsbustad, samt etablering av tilkomstveg - Landsvik

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftformålet i kommuneplanen sin arealdel, for bruksendring av gbnr. 51/18 frå fritidsbustad til heilårsbustad. Dispensasjonen omfattar også opparbeiding av tilkomstveg over gbnr. 51/43 fram til gbnr. 51/18, som vist på situasjonskart vedlagt søknaden.

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 08/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftformålet i kommuneplanen sin arealdel, for bruksendring av gbnr. 51/18 frå fritidsbustad til heilårsbustad. Dispensasjonen omfattar også opparbeiding av tilkomstveg over gbnr. 51/43 fram til gbnr. 51/18, som vist på situasjonskart vedlagt søknaden.

09/2019: Handlingsplan 2019 - Vedlikehaldsplan for kommunale bygg

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling godkjenner framlegg til prioritering av tiltak for 2019, handlingsplan for vedlikehald av kommunale bygg.

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Framlegg til tillegg i møtet:

Utval for drift og utvikling ønskjer temamøte om kommunale bygg (inkludert kommunale bustader), der også tilstandsrapport på dei kommunale bygga er tema.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg i møte vart samrøystes vedteke.

UDU - 09/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling godkjenner framlegg til prioritering av tiltak for 2019, handlingsplan for vedlikehald av kommunale bygg.

Utval for drift og utvikling ønskjer temamøte om kommunale bygg (inkludert kommunale bustader), der også tilstandsrapport på dei kommunale bygga er tema.

10/2019: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert tekne til vitande.

08.01.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Erling Rønnestad, KrF:

Som medlem i Eldrerådet er eg og fleire blitt kontakta av pårørande til bebuarar på Meland sjukeheim som har store problem med å kome inn på sjukeheimen på ettermiddag/kveld. Døra er låst og dei klarar ikkje å få kontakt med personale.

Administrasjonen vil sjå på dette.

Tormod Skurtveit, AP:

Kva skal til for at bassenget på Rossland kan ha ope for publikum på kveldstid? Kven tar initiativ og startar prosessen med å få til eit tilbod på kveldstid?

Administrasjonen vil ta spørsmålet vidare til rett avdeling.

Administrasjonen svarte på spørsmål som Tormod Skurtveit tok opp i førre møte om den nye kloakkleidningen på Holme.

UDU - 10/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.
